



Elisabeth og Stein Otto Hole  
Vassendveien 91  
5174 MATHOPEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1563 - 16/14653

Saksbehandlar:

Kjartan Nyhammer

kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:

31.05.2016

## Landbrukssak - Konesjon gbnr 103/7 Fjellanger - Elisabeth Hole og Stein Otto Hole

### Saka gjeld :

Søknaden skal handsamast etter konsesjonslova då det er konsesjonsplikt på eigedomen. Dette fordi eigedomen er bebygd og totalt over 100 dekar. Det kviler ikkje buplikt på eigedomen då summen av full- og overflatedyrka mark er under 25 dekar.

### Søklar(ane):

Ekteparet Elisabeth og Stein Otto Hole ynskjer å kjøpe eigedomen for å busette seg der. Fyrst skal våningshuset rehabiliterast. Dernest er planen å bygga oppatt driftsbygning og elles skjøtte skog og innmark. Dei vil skaffe seg villsau og dyrke grønnsaker og frukt.

### Eigedomen m/rettar

I følge gardskartet er landbrukseigedomen gbnr 103/7 totalt 409 dekar. Av dette er 11 dekar full- og overflatedyrka mark og 16 dekar innmarksbeite. Vidare er det 237 dekar produktiv skog. Resten er i stor grad anna utmark. Det vert opplyst i søknaden at eit våningshus frå ca 1850 i særskild dårleg stand på eigedomen.

### Saksutgreiing :

Konsesjonslova har til føremål å regulera og kontrollera omsetjinga av fast eiendom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet, m.a. for å tilgodesjå framtidige generasjoners behov, landbruksnæringa, behovet for utbyggingsgrunn, omsynet til miljøet, allmenne naturvern- og friluftssinteresser og omsynet til busetting.

Ved avgjersle av søknad om konsesjon for kjøp av landbrukseigedom skal det leggjast særleg vekt på:

- om den avtalte prisen er i tråd med ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling,

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- om kjøpar sitt formål vil ivareta omsynet til busetting i området
- om kjøpet innebær ei driftsmessig god løysing
- om kjøpar er skikka til å driva eigedomen

Det er ikkje priskontroll på denne overdraginga då kjøpesummen er under kr 3 500 000.

Til tross for at det ikkje er buplikt på eigedomen ynskjer søkjarane å ruste opp våningshuset å busetta seg på eigedomen. Lindås kommune set stor pris på tiltaket og ser fram til at eigedomen vert bebudd.

Det er ingen i området som har gardsdrifta som hovedinntektskjelde og som såleis er avhengig av å få kjøpa landbruksarealet som tilleggsareal for å halda tritt med strukturutviklinga i landbruket. Det som er viktig for Lindås kommune er at driveplikta vert ivareteke på innmarka. Dersom søkjarane gjennomfører planane sine så oppfyller dei driveplikta. Alternativet er at dei leiger vekk heile eller deler av innmarka til eit anna bruk i aktiv drift og inngår ein 10 årig avtale.

Det er eit heller lite jordbruksareal som ein med ein viss pratisk innsikt og erfaring fint kan skjøtta.

Koklusjon:

Elisabeth Hole og Stein Otto Hole får konsesjon for kjøp av gbnr 103/7 av Fjellanger i Lindås kommune.

#### **Vedtak :**

**Elisabeth Hole og Stein Otto Hole får konsesjon for kjøp av gbnr 103/7 av Fjellanger i Lindås kommune. Vedtaket har heimel i §§ 1 og 9 i konsesjonslova.**

Vedtaket kan påklagast innan 3 veker jfr forvaltningslova.

Det vert sendt ut sakshandsamingsgebyr på kr 2000 jfr Lindås kommune sitt sakshandsamingsgebyr.

Med helsing

Kjartan Nyhammar  
landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Vedlegg:**

Landbrukssak - Konsesjon gbnr 103/7 Fjellanger - Elisabeth Hole og Stein Otto Hole



**Mottakarar:**

Elisabeth og Stein Otto Hole

Vassendveien 91 5174

MATHOPEN